

***ÅRSMELDING
FOR
HJØRUNDFJORD
KYRKJELYD***



2020

ÅRSMELDING 2020

HJØRUNDFJORD SOKNERÅD

Hjørundfjord sokneråd var slik samansett:

Medlemer:

Regine Solberg Aklestad- leiar
Lisbeth Vatne Nilsen - nestleiar
Håvard Aklestad - medlem
Ingeborg Holen - medlem
Hallvar Mo - medlem
Arve Rødvik – medlem
Espen Aarseth – sokneprest, medlem

Vara:

Elias Inge Øye – 1. vara
Marit Skare Rekkedal - 2. vara
Jorun – Karin Bjørdal - 3. vara
Sølvi Anita Viddal Hustadnes - 4. vara
Grethe Wibeke Holen – 5. vara

I Ørsta kyrkjelege fellesråd møter: Håvard Aklestad og Hallvar Mo

MØTE

Soknerådet har i 2020 hatt 6 møter, og har handsama 31 saker.

TILSETTE I KYRKJELYDEN

Sokneprest: Espen Aarseth
Kantorar: Marie Austrheim og John Inge Bjøringsøy
Kyrkjjetenar: Flingai Foloboi
Diakonar: Knut Stave og Betty Søvik
Kateket: Caroline Sefu
Trusopplæring: Hans Olav Sætre(permisjon frå jan 2021) og Kristin Vatne.

KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK 2020

Det var utført 6 dåpshandlingar – av desse er 4 ikkje busett i soknet.

Det var 7 konfirmerte.

4 vigslar vart utført i soknet, ingen av brudepara var busette i soknet.

Det var 10 gravferder i soknet.

Oppsette hovudgudstenester på søn- og helgedagar var 26. Av desse vart 7 avlyste pga restriksjonar.

Av totalt 26 oppsette gudstenester var det planlagt 4 familiegunstenester. Deltakartalet totalt var 679 på alle dei 19 gudstenestene. Dette gir eit gjennomsnittleg oppmøte på 35 deltakarar per gudsteneste. Skulegudstenesta før påske og jul vart avlyst og erstatta av videoandakt. På Julaftan var det 46 frammmøtte. Det var 1 konsert/musikkandakt i regi av kyrkjelyden, og her møtte 85 personar opp. Det var og 1 arrangement i regi av andre, og her møtte 49 personar opp.

REKNESKAP 2020

Tala for 2020 vil ikkje vere klare før seinare i år.

Disponering av meirforbruk/mindreforbruk vil bli vedtatt på seinare soknerådsmøte.

Revidert rekneskap for 2020 vil verte tilgjengelege på kyrkjekontoret så snart den ligg føre.

TRUSOPPLÆRING

Alle born skal få 315 timar trusopplæring frå dei er 0 til 18 år. Vi oppfyller ikkje timetalet no, men ved samarbeid med dei andre sokna i Ørsta ønsker vi på sikt å klare dette.

Men vi har innarbeida nokre arrangement og utdelingar som no er:

Dåp/dåpssamtale

Dåpslys, dåpsbilete og dåpsklut får born og foreldre med heim som minne på dåpsdagen. Ein fadder får ein pakke med tre gåver i. Desse gåvene skal dåpsbarnet få på dåpsdagen sin kvart år i tre år. Denne får alle dåpsfamiliar tildelt, anten dei bur i soknet eller ikkje.

Babysong

Tilbod til alle foreldre som har hatt dåp i kyrkjene. Anna kvar torsdag på kyrkjekontoret i Ørsta v/kantor Marie Austrheim Riise.

4 år

Det vert arrangert undertur for 4- åringar på ein laurdag på våren. Søndagen etter får dei utdelt kyrkjebok. 5 av 6 born var med på dette.

1. klasse

På hausten ved skulestart får 6-åringane bok. 5 av 5 born var med på dette.

4. klasse: Ikkje tilbod

5. klasse

Bibelbok- utdeling. Avlyst i 2020.

5. klasse og 6. klasse

Lys Vaken- overnatting i kyrkja. Avlyst i 2020.

7. klasse: Ikkje tilbod

8. klasse- konfirmanttid

I 2020 var det 7 ungdomar som hadde konfirmasjonsundervisning i Hjørundfjord. Desse fekk konfirmasjonen flytta frå 3. mai til 26. september i 2020 pga nedstenging og restriksjonar.

Konfirmantundervisninga var eit samarbeid med Ørsta og Vartdal. Det var konfirmantleir i Ulsteinvik i vinterferien 2020.

Alle dei nye konfirmantane i Ørsta kommune hadde ”avsparket” av konfirmantåret på Sæbø i september.

Konfirmantane gjekk ei orienteringsløype gjennom Jesus liv. Det heile vart avslutta med samling på parkeringsplassen mellom kyrkja og bedehuset.

Soknepresten og konfirmantane laga til lysmesse 9. desember, med julegrantenning etterpå.

9. klasse- MILK- minileiarkurs

Det var ikkje nok deltakarar til å starte opp MILK-kurs i 2020.

17 og 18 år: CREME - hjelpeleiar

Dette er eit tilbod for eldre leiarar som deltek på konfirmantleir og avspark. Det var ikkje nokon frå soknet som var med på dette i 2020.

MINIBOKHANDEL

Minibokhandelen er plassert bakerst i kyrkja. Dette er eit trusopplæringstiltak for alle aldergrupper.

Dette er bøker som handlar om kristen tru, og vert kjøpt inn etter innspel og ynskjer. Det ligg ein giro i kvar bok som skal betalast når ein kjem heim. Systemet er basert på tillit, og det ser ut vil å fungere godt.

SKULE OG BARNEHAGE

I samarbeid med Sæbø Barnehage er adventsvandring i desember og påskevandring i fastetida.

Skulegudsteneste før jul, og før påske, i samarbeid med Sæbø skule er også årleg tradisjon. Alle desse arrangementa vart avlyst, men kateket var på besøk i Sæbø barnehage før jul.

DIAKONI

Diakon har delteke på helgemessesøndagen og vore liturg på gudstenesta 17. mai anna kvart år.

Sokneprestane, diakon Knut Stave og Betty Søvik og andre frivillige held andaktane på alle sjukeheimar og eldresenter i kommunen kvar veke. Dette gjev ein turnus der bebuarane også får helse på dei andre tilsette.

Andaktstida på Hjørundfjordheimen er torsdagar kl. 10.30. To gongar kvart semester er det nattverdsgudsteneste på Hjørundfjordheimen. Dette tilbodet har vore vanskeleg å gjennomføre pga. stengte sjukeheimar. I periodar har det vore mogleg med besøk, andre periodar har ein delt ut skrivne andaktar.

MISJON

Kyrkjelyden har misjonsavtale med Himal Partner, som er ein organisasjon som støttar næringsliv, oppbygging av skular og helsetilbod i Nepal og Himalaya-regionen. Fokuset til Hjørundfjord kyrkjelyd er Mental Helse, og kyrkjelyden har bunde seg til å gje 4 offer i året til prosjektet, og gjerne ha eigne innsamlingar i tillegg.

BARNEFESTIVALEN

Barnefestivalen brukar å gå av stabelen i starten av juni. Denne vart avlyst i 2020.

PRESTETENESTA.

Alle prestar er tilsette som sokneprestar i Søre-Sunnmøre prosti, med særskilt ansvar for kvar sine sokn.

Espen Aarseth er sokneprest i Hjørundfjord sokn, Arne Moltubak er sokneprest i Ørsta og Ruth Eva Sollie er sokneprest på Vartdal.

Når det gjeld gravferd og vigslar, så har dei tre prestane i Ørsta kommune kvar sine tenesteveker. Når ein prest har tenesteveke så held presten alle gravferder og vigslar i den aktuelle veka, i alle dei tre kyrkjene i kommunen. Kvar prest har slik tenesteveke kvar tredje veke.

GUDSTENESTELIVET.

Biskopen har forordna 31 gudstenester årleg i Hjørundfjord sokn. Tidspunktene for gudstenestene har veksla mellom 11.00 og 20.00, ein sjeldan gong andre klokkeslett.

Hjørundfjord har høgtidsgudsteneste kl. 11.00 kvar første juledag.

Frå 1. jan 2020 går Storfjorden sokn inn i Volda fellelråd-område, og gudstenestetidspunkt vil då verte lagt opp ilag med dei andre sokna i Ørsta.

Nyttårsgudstenesta er lagt til Hjørundfjordheimen, denne vart lukka for andre enn bebuarar i 2020.

Konfirmantane tek aktivt del i gudstenestelivet som medhjelparar. Konfirmantforeldre tek med kyrkjekaffi, og vi har på denne måten kyrkjekaffi bakerst i kyrkja på kvar gudsteneste i konfirmant-året. Men det har ikkje vore kyrkjekaffi sidan mars 2020.

MUSIKK- OG KULTURLIV

Sjølv om 2020 har vore eit år prega av mange restriksjonar, har det likevel vore stor vilje og postivitet frå mange aktørar i soknet:

- Kantor Marie Austrheim Riise er dirigent for Hjørundfjord barnekor. Det har vore 12 medlemar i koret i 2020. Barnekoret øvar annan kvar torsdag og har vore med på fleire arrangement, mellom anna familiegudsteneste. Aktiviteten har vore svært redusert i 2020 pga restriksjonar.
- I samarbeid med soknerådet, sette Hjørundfjord filmteater opp visning av filmen «Amazing Graze» i kyrkjerommet, søndag 2. februar i 2020. Filmen er ein sterk dokumentar som syner Aretha Franklin si plateinnspeling i ei kyrkje i Los Angeles. Framsyninga vart introdusert av filmteateret og sokneprest Espen Aarseth. Det var sett opp prosjektor, lerret og lydanlegg i kyrkja, som saman gjorde dette til ei stor oppleving for mange
- Den store Helgemesse-konserten for heile Ørsta vart i 2020 lagt til Hjørundfjord kyrkje 31.oktober, på grunn av plasshensyn og restriksjonar. Her deltok Ørsta kyrkjekor, Marie Austrheim Riise, Venche Leite og Leiv Arne Nydal. Levi Leite var innleigd som lydteknikar.
- Hjørundfjord mannskor og Generasjonskorpset deltok på gudstenester, og soknerådet er takksame for dette gode samarbeidet.
- «Vi syng og spelar jula inn» vart i år dessverre avlyst pga restriksjonar.

BILETE AV ALTARSKAP

Kjell Inge Bjørke har fått teke bilete med høg kvalitet av kyrkja sine altarskap-dører, som er oppbevart på Bergen museum. Desse bileta har han no gitt som gåve til kyrkja. Dei syner ulike helgner som var viktige i mellomalderen. Soknerådet er takksame for gåva, og har godkjent opphenging av desse nedst i kyrkjerommet.

FACEBOOK-SIDE

Hjørundfjord kyrkje har no si eiga facebook-side der vi kan informere om arrangement i kyrkja. Denne har og vorte nytta aktivt i korona-tida med fråver av gudstenester. I tillegg har alle Ørsta-kyrkjene ei samleside (ikyrkja) på facebook der ein og kan informere om det som skjer.

OPA KYRKJE

Det var ikkje opa kyrkje i sommaren 2020.

GRØN KYRKJELYD

Hjørundfjord er no Grøn kyrkjelyd. Dette vil seie at ein skal velje miljøvenlege alternativ der ein kan og ha eit medvite forhold til forbruk. Kyrkjelyden skal og nytte Fair Trade produkter der det er mogleg, og støtte opp om Ørsta kommune som Fair Trade kommune.

GÅVE FRÅ FOND ETTER HJØRUNDFJORD ALDERSHEIM

Før jul 2020, vart det gitt ei stor gåve til kyrkja i samband med avviklinga av Fond etter Hjørundfjord aldersheim. Denne gåva var på heile 361.426,- og gjekk i si heilheit til å installere fiber og videooverføring frå kyrkja til Hjørundfjordheimen. Kyrkjelyden vil rette ein stor takk til styret i fondet v/ Rune Mo og Aanon Aanonsen, som og har bidrege med mange dugnadstimar for å få utstyret på plass!

AVSLUTNING

2020 har vore eit år prega av store utfordringar knytta til korona-pandemien. Det har vore trist å ikkje kunne møtast så mange som før i kyrkja. Vi vonar at vi likevel kan gjere nytte av erfaringar frå året som har gått, og gå det nye året i møte med håp og forventning!

Soknerådet vil få takke alle frivillige og alle tilsette for det arbeidet dei gjer.

TUSEN TAKK FOR INNSATSEN I 2020!